

Lyse kapell

Det vesle, kvitmåla kapellet med det raude tegltaket, like sør for klosterruinane på LYSE vart bygt 1663 som gardskapell for klostergodset, etter at stiftsskrivar NIELS HANSSØN SCHMIDT hadde overteke eigedomen to år tidlegare. Med velproporsjonert vestlandskledning ligg kapellet i det vakre kulturlandskapet, som eit vitnemål om ei svunnen tid ved det store klostergodset. Men enno i dag er det fast tradisjon med bøgmesse 2. pinsedag i Lyse kapell.



Kapellet er ei lita tomra kyrkje, med våpenhus mot vest og ein høg tårnryttar bygd opp over den vestre delen av skipet. Små blyinnramma vindaugo slepper lyset inn i skip og kor.

Kyrkjerommet er så godt som urørt

Lysekloster hovudgard. Utsnitt av J.C. Dahls måleri «Fra Lysekloster» 1827 (©50).



gjennom 300 år. Golv, vegger og dei tønnekvelf-forma trehimlingane er umåla; det same er kyrkjebenkene. Altertavla i barokkstil, datert til kring 1670, skal etter tradisjonen vera redda ut frå hospitalskyrkja ved St. Jørgen, som brann ved bybrannen i 1702. Før brannen var altertavla alt vorten innkjøpt av dei dåverande eigarane, JACOB ANDERSSØN WIDING og familien hans, som sat med lyseklostergodset frå 1699–1722. Altertavla har denne innskrifta: «Til Guds Ære og Kirckens pryldelse; St. Jacob Anderson, Anne Michels Datter 1703».

Avtalar om vitjing i kapellet må gjerast med eigaren av Lysekloster hovudgard. □

LYSEKLOSTER HOVUDGARD

Etter reformasjonen vart klosteret og alt det åtte rekna som kongen sin eigedom. I 1670 kom godset i privat eige, og vel femti år seinare kjøpte HANS FORMANN Lysekloster. I HENRIK FORMANN si tid (1758–1815) åtte godset 200 gardar frå Ryfylke til Nordfjord, og hadde 5–600 leigendingar. Son hans, som også heitte Henrik, kjøpte endå fleire gardar, og åtte til slutt 3/4 av heile Osbygda. Då han døydd i 1871, vart alle gardane som ikkje høyrde til sjølv hovudgarden, selde. Dei fleste vart selde til bygglemennene.

Ein staseleg tofloya hovudbygning vart bygd av Hans Formann i 1722–24, med blomprydde lerretstapet i storstova og forseggjorde steinkammarar frå 1600-talet. Denne bygningen vart riven i 1939–40 og skulle gje plass til ein ny. Då krigen kom, vart desse planane lagde til side. Den store stavloa frå seinmellomalderen er også borte. Ein av stavane bar årstala 1519.

TEMA: Kirke og kloster ⑤2, Kirkekunsten ⑤7

«SALVE REGINA – HILL DEG DRONNING»

Einstonig stig den gamle Maria-hymnen opp frå klosterkyrkja. Munkane og lekbrørne er samla til dagens siste tidebøn, før dei går kvar til sitt.

Slik må vi ha lov å tenkja oss attende til den tida klosteret på Lyse var eit livskraftig samfunn, på høgda av makta si. Lyse høyrde til cisterciensarordenen, og som alle dei andre cisterciensarkyrkjene var også denne vigd til Maria. Truleg har det stått eit Maria-alter ved nordmuren i kyrkja, midtvegs ned i skipet. Der er det restar etter eit alterfundament. Cisterciensarordenen voks fram i Frankrike mot slutten av 1000-talet, som ein strengare variant av Benediktinarordenen. Namnet skriv seg frå det første klosteret i CITEAUX.

Klostra vart bygd på avsidesliggjande stader, og dagane var oppdelte i tidebøner og messer, lesing av oppbyggjelege skrifter og praktisk arbeid. Mykje dårleg og vassjuk jord vart dyrka opp og omskapt til blommande engar og hagar av munkane i «VALLAE LUCIDAE»

– Lysedalene. Dette var ein del av teologien og samfunnsfilosofien til cisterciensarane. Lekbrørne, som stod for den største delen av det praktiske arbeidet, var underlagde ein mindre streng klosterdisiplin enn munkane.

Det var sju faste tidebøner kvar dag; den første ein time etter midnatt. På denne tida nytta munkane, og seinare også lekbrørne, sine respektive «natt-trapper» som førte frå sovesalane og ned i kyrkja.

TEMA: Kirke og kloster ⑤2, Setegard og klostergoods ④7

LYSE vart grunnlagt i 1146, som dotterkloster av FOUNTAINS ABBEY i Yorkshire i England. Biskop SIGURD av Bergen stod i brodden for dette tiltaket og gav midlar til klosteret. Det var nær kontakt med moderklosteret i den første tida, og fram til 1200 har det truleg vore engelske abbedar i Lyse. I seinmellomalderen vart Lyse underlagt SORØ kloster i Danmark; tidlegare hadde det lege under ALVA STRA i Sverige eitt år. Lyse – eitt av dei rikaste kloster i landet – vart nedlagd mellom 1537 og 41 og kom inn under krona.



Bygningane var dels oppførte i kleberstein frå eit steinbrot nordaust for klosteranlegget, i Lysedalene. Då klosteret vart rive, vart det ført kleberstein frå Lyse til bygging av Rosenkrantzårnet i Bergen (©255) og Kronborg slott i Danmark. □

Planteikninga til høgre bygger på Johan Meyers plan av Lyse etter utgravingane i 1888–89.

Ulike skravering står for ulike byggjefasar. (Manglande skravering: berre fundament). Kanskje har klosteret også hatt ein vestfloy. Anlegget vart restaurert i 1920-åra. Ein del av veggene er bygd opp att ved bruk av smale skiferfliser.

1. Høgekoret (presbyterium). 2. Koret for munkane. 3. Sjukekor. 4. Koret for lekbrørne. 5. Nordre kapell. 6. Søre kapell og sakristi. 7. Trapperom for «natt-trappa» frå sovesalen (dormitorium). 8. Kapitallsal. 9. Samtalerom (parlatorium). 10. Passasje frå korsgangen til andre bygningar lengre mot aust.

11. Dagrom og truleg også varmestove (kalefaktorium). 12. Trapperom for «dag-trappa» frå sovesal, truleg med fengselet under. 13. Matsal (refektorium). 14. Kjøkken. 15. Truleg matsal for lekbrørne, kanskje ein del av vestfloyen. 16. Klostergarden og korsgangen med nisje for bøker (armarium) ved sakristiet.



«Solen staar stille i Gideons dal. Tiden er løftet af Hængsel ...»

Det er den danske folkehøgskulemannen JØRGEN BUKDAHL som i eit glimt gjev oss ei fortetta oppleving av klosterafunnet i Lysedalene, slik han ser det for sitt indre auga, ein solvarm sommardag når lyset glitrar i dei rike lauvkronene kring klosterruinane. Idag er det eit velstelt kulturlandskap kring Lyse kloster; ein arv frå munkane sin flittige innsats – «ORA ET LABORA». Lekbrørne rydda skog, braut grøfter og dyrka opp store hagar kring klosteret. Lyse hadde også ein stor frukthage på garden Opedal i Ullensvang (©393). Lengre inn i Lysedalene går den gamle stigen – «Munkevegen» – over åsen til Røykenes; vegen til Bergen.

Dette er teiknarens fabulering over korleis han tenkjer seg at klosteranlegget kan ha sett ut.

Vi kjenner planen over anlegget, men det er mange ting vi ikkje veit.

Der dokumentasjonen vantar, har teiknaren bygd på ein kombinasjon av fantasi og analogislutningar frå andre cisterciensarkloster i Europa. Dei seinare åra har det også kome for dagen spor etter bygningar som har lege utanfor det anlegget vi ser nūnane av i dag. Under rekonstruksjonen av den delen av korsgangen som står i dag, vart søylekapitela snudd feil veg.